

Oppdrag:	Fv 5436 Steinsprang 04.06.2023 Yndesdalsvatnet			Fagrapport- nummer:	23097-GEO-NOT -01		
Oppdragsgivar:	Drift/v Johannes Skartveit Dale	Planfase:	drift	Ant. vedlegg:		Rev.	00
Kommune:	Gulen	Vegnr.: Fv	5436	Vegref.:	S3D1	M	3902
UTM 32 ref.:	N:679489 Ø:-20495	ÅDT: 50		PKK/Geoteknisk kategori:			
Utarbeida av:	Tor Ivar Birkeland	Kontrollert av:	Harald Hauso				

Fv 5436, S3D1 m 3902 Yndesdalsvatnet. Vurdering av skredfare etter steinsprang 04.06.2023

Innleiing

Søndag 04.06.2023 gjekk det eit steinsprang på fv 5436 langs Yndesdalsvatnet (figur 2) ca m 3902. Det kom ned ei blokk på om lag 2-2,5m³ som stoppa på kvitstripa. På oppdrag frå Johannes Skartveit Dale vart det tysdag 06.06.2023 (ca kl 11.00) utført ein synfaring for å vurdere skredfare for trafikkantar samt mannskap som skal fjerne blokka. Synfaringa vart utført ved hjelp av drone og i terrenget til fots. Synfaringa vart utført av geolog Tor Ivar Birkeland (VLFK). ÅDT på strekket er 50 og det er oppgitt 1 time omkøyring. For fleire bilete sjå:

J:\Fv5436\Mindre_hendingar_Geofag\Yndredalsvegen_steinsprang_04.06.2023\04Bilder


Beskriving

Skredområde


Steinspranget 04.06.23 gjekk i ei austvendt fjellside der relieff frå vegen til losneområde er om lag 350 høgde meter. Skredet gjekk i nordenden av skredpunktet «Yndesdalsvatnet». Det kom ned ei blokk på om lag 2-2,5m³ som stoppa på kvitstripa utan at det er synlege skadar på vegen (figur 3). Oppover i skredbanen (sideterrenget til vegen) ligg det fleire «ferske» skredblokker, dette kan tyde på at steinspranget har delt seg. Underlaget i fjellsida vekslar mellom tynt torvdekke til bart sva øvst mot losneområdet. Hellinga på terrenget vert gradvis brattare dess lengre opp ein kjem, og i losneområdet er det om lag 60-90°. Sjå figur 4 for bilete av skredbanen og losneområdet. I losneområdet er det observert enkelte gjenståande mindre blokker (figur 5). Fjellsida er delvis dekt med bjørkeskog.

Vêrforhold

Vêret i dagane før skredhendinga var prega av opphaldsvêr, og temperaturar på om lag 8-12°C. Sjå figur 1 for vêrdata frå nærmaste målestasjon (Brekke).



Figur 1: Temperatur og nedbør frå nærmaste målestasjon (Brekke). Skreddatoen er markert med raud firkant.



Figur 2: Steinspranget gjekk ved Yndedalsvatnet market med raud stjerne på kartet.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no


Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632



Figur 3: Blokka er om lag 2-2,5m³ og stoppa i grøfta.



Figur 4: Oversiktsbilde over skredbane og losneområde.



Figur 5: Losneområdet framstår som reint men det heng igjen enkelte mindre blokker som er vurdert til ikkje å nå veggen.

Tidlegare skredhendingar

I NVDB er det registrert 4 skredhendingar i nærleiken til denne hendinga. Dette er 3 sørpeskred og eit uspesifisert skred.

Årsak

Årsak til steinsprang er ofte ein kombinasjon av forhold som oppsprekking, fryse-tineprosessar, forvitring, rotsprenging og evt. nedbør. I dette tilfellet er det vanskeleg å sei direkte kva som var det utløysande årsaken.

Vurdering

Losneområdet framstår som reint og det er vurdert at dei gjenståande blokkene ikkje vil nå vegen om dei losnar. Ut frå dette er det vurdert at ingen tiltak er nødvending og det er vurdert som trygt å fjerne blokka i grøfte.

Restrisiko

Restrisiko for skredløp og losneområde dvs. faren for nedfall knytt til denne skredhendinga(dette konkrete skredløpet) er vurdert til sannsyn S1 og konsekvens K3(tabell nedanfor). Dette betyr at det er ein restrisiko etter skredhendinga som ein må leve med.

Sannsynskategorier:		
Ubetydeleg	(>5 år)	S1
Liten	(1- 5 år):	S2
Moderat	(6mnd – 1 år)	S3
Høg	(14dg – 6 mnd)	S4
Svært høg	(0-14 dagar)	S5

Konsekvenskategori:		
Ubetydeleg	(Personskade u/fråver/<50.000)	K1
Moderat	(Personskade liten/>50.000):	K2
Alvorleg	(Personskadar u/varig men/>250.000):	K3
Svært alvorleg	(Alvorlege personskadar/> 1 mill):	K4
Katastrofal	(Fleire drepne /5 mill):	K5

Risikosamanlikning

Sannsynskategori

		S1	S2	S3	S4	S5
Konsekvenskategori	K5	75	150	225	300	375
	K4	25	50	75	100	125
	K3	10	20	30	40	50
	K2	5	10	15	20	25
	K1	1	2	3	4	5